



Austrheim kommune
Kommunehuset
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Kristin Kayser Eitungjerde, 5764 3172

Tilbod om innføringskurs i grunnleggande forvaltningsrett i regi av Universitetet i Bergen - for tilsette i alle sektorar i kommunen

Universitetet i Bergen har i samarbeid med Statsforvaltaren utvikla eit innføringskurs i forvaltningsrett berekna for tilsette i kommunane. Etter oppstart våren 2019 har 155 deltakarar gjennomført kurset, og tilbakemeldingane frå deltakarane har vore svært positive. Kurset vart vurdert som relevant, tilpassa og nyttig av tilsette i alle sektorar.

Kurset er retta inn mot dei som i ein del av stillinga si er saksbehandlar/skriv vedtak innanfor t.d. pleie og omsorgstenesta, barnevern, sosial, oppvekst og utdanningssektoren, teknisk etat og alle andre delar av den kommunale forvaltninga – og har fagbakgrunnen sin frå desse felt. Fellesnemnaren vil vere at ein treng innsikt i og påfyll om regelverket om krava til kommunal saksbehandling.

For kursdeltakarar over 25 år er det ikkje krav til studiekompetanse, medan dei under 25 år må dokumentere dette. Statsforvaltaren legg til grunn at kurset vil vere mest relevant for dei med nokre års arbeidspraksis.

Pensumet og gjennomføringa av kurset blir lagt opp slik at det er tilpassa arbeidssituasjonen, og skal vere praktisk til nytte i deltakaren sin arbeidskvardag. Det blir for det meste nettbasert undervisning, men med to samlingar ved Universitetet i Bergen, kvar over to dagar.

Fokus i kurset vil vere på hovudreglar og *trening i vedtaksskriving innanfor den enkelte sitt fagfelt*. Kurset blir avslutta med heimeeksamen, og vil gi 10 studiepoeng.

Oppstartsdato med første nettførelsing er torsdag 8. februar 2024. Dei to helgesamlingane vil bli gjennomførte fredag/lørdag 15. til 16. mars, og 24. til 25. mai.

Samlingane er fysiske men vil bli strøyma for dei som ikkje kan møte.

Eksamen er 6.juni kl 09.00-15.00.



Det vil vere plass til rundt 30 deltakarar. Avgifta er berekna til kr. **27.500**. I tillegg kjem utgifter til overnatting og reise til to samlingar, kvar over to dagar. Statsforvaltaren tek sikte på å gi kvar kommune som deltek eit tilskot på om lag kr. 15 000 ved fullført deltaking på kurset. Kvar kommune vil få tilbod om eitt slikt tilskot, men kan gjerne søkje fleire inn på kurset.

Dersom kommunen vil søkje inn fleire deltakarar, ber vi om at kommunedirektøren nominerer desse i rekkefølge, og gir ein kort omtale av kandidatane. Deltakarane må gjerne komme frå ulike sektorar. Dersom det blir mange som søker om plass, vil vi avgrense deltakinga frå kvar kommune, og opprette venteliste.

For å bli med i opptaket må det gå klart fram av påmeldinga at deltaking på kurset er avklart med og godkjend av kommunen.

Søknad, eventuelt nominert rekkefølge av kandidatar, skal sendast frå **kommunen** til [svf/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) seinast **fredag 24. november 2023**.

Søknaden må innehalde desse opplysningane om den tilsette:

- e-postadresse
- namn
- adresse
- fødselsdato (ikkje personnummer)
- stilling i kommunen
- kort omtale av søkjaren sine oppgåver og fagbakgrunn
- dokumentasjon på studiekompetanse (for dei under 25 år)

Fakturaadresse må sendast saman med søknaden.

Vi viser elles lenke til emneskildringa her <https://www.uib.no/emne/JUR605> og til informasjonen som blir lagt ut på Statsforvaltaren si heimeside.

Ta kontakt med Anne Kristin Kayser Eitungjerde på tlf. 57643172/95281370 eller Anne-Kjersti Sande på telefon 55572374/ 48117724 om de har spørsmål.

Med helsing

Anne Kristin Kayser Eitungjerde
seksjonsleiar

Ove Midtbø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD



Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD